



Møteprotokoll

Utval: Arbeidsutvalet
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 19.4.2013
Tidspunkt: 09:00 – 09:30

Faste medlemmer som møtte

Namn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	Nestleiar	Sirdal kommune
Torkel Myklebust	Medlem	Suldal kommune
Tarald Myrum	Leiar	Valle kommune
Oddmund Ljosland	Medlem	Åseral kommune

Medlemmer som hadde meldt forfall

Namn	Funksjon	Representerer
Oddlaug Tjomsland	Medlem	Vest- Agder fk.

Merknader

Jonny Liland og Oddmund Ljosland deltok ikkje i sjølve telefonmøtet, men har støtta alle forslag til vedtak ved tilbakemelding per e-post, 19.4. og 22.4.

Fra administrasjonen møtte

Namn	Stilling
Mikkel Emil Christensen	Områdeforvaltar
Alf Odden	Områdeforvaltar
Tarjei Haugen	Områdeforvaltar

Underskrift

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i møteprotokollen er i samsvar med det som vart vedtatt på møtet.

Tarald Myrum (sign.)

Torkel Myklebust (sign.)

Sakliste

Utvals- saksnr.	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr.
AU 22/13	Godkjenning av saksliste og innkalling		2003/2670
AU 23/13	Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen		2003/2670
AU 24/13	Orienteringssaker		2003/2670
AU 25/13	Høyringsuttale til konsekvensutgreiingsprogram for Tverrå kraftverk i Holmevassåno biotopvernområde, Kvanndalen landskapsvernområde og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Suldal, Vinje og Bykle kommuner		2013/1886
AU 26/13	Søknad om dispensasjon til etablering av permanent basestasjon for radiosamband på Skrålletødnane i SVR - Sirdal kommune		2013/1517
AU 27/13	Søknad om dispensasjon til etablering av permanent basestasjon		2013/1516
AU 28/13	Søknad om dispensasjon til bygging av permanent bru over Leitesånå, Frafjordheiane landskapsvernområde - gnr/bnr 621 og 62/3 i Gjesdal kommune - Stavanger Turistforening v/ Bygg-Kon A/S		2013/1002
AU 29/13	Søknad om dispensasjon til bygging av permanente bruer over Knutsånå og Kvitlå i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 123/3 i Hjelmeland kommune - Stavanger Turistforening v/ Bygg-Kon A/S		2013/952
AU 30/13	Søknad om bygging av ny bru ved Hovatn i Bykle kommune		2013/1004
AU 31/13	Søknad om dispensasjon til å erstatte gammel hengebro med permanent bro over Tarjeisåna ved Taumevatn i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Stavanger turistforening, Sirdal kommune		2013/1003
AU 32/13	Statkraft - Søknad om dispensasjon til gjennomføring av erosjonsdempande tiltak ved Prostøl i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 40/1 og 40/2, Suldal kommune		2013/1829
AU 33/13	Søknad om dispensasjon til motorisert ferdsel i SVR landskapsvernområde - Lista jordskifterett - Sirdal kommune		2013/1513
AU 34/13	Eventuelt		2003/2670

AU 22/13 Godkjenning av saksliste og innkalling

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

AU hadde ingen merknader til sakliste og innkalling.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 23/13 Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

Torkel Myklebust vart foreslått.

Vedtak

Torkel Myklebust vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes.

AU 24/13 Orienteringssaker

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

Sekretariatet orienterte om desse sakene:

- Det er innkalla til møte med hjelpekorpsa i regionen etter at MD har sendt ut nytt rundskriv om øvingskøyning og hjelpekorpsa har sendt inn søknader.. Møta vert i Kristiansand og Stavanger. Politiet, FM og SNO deltek på møta.
- Planlegginga av Heiedagane 2013 er i rute. Skulane i Valle deltek i panlegging av aktivitetsdag 12. juni. Fredag 14. juni vert det seminar om det nye forskingsprosjektet på villrein, og 15. juni vert det familiearrangement i området ved Håheller/Øyuvsbu.

Vedtak

Styret tar orienteringa til etterretning.

Vedtaket var samrøystes.

AU 25/13 Høyringsuttale til konsekvensutgreiingsprogram for Tverrå kraftverk i Holmevassåno biotopvernområde, Kvanndalen landskapsvernområde og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Suldal, Vinje og Bykle kommuner

Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet godkjenner høyringsuttalen med dei endringane som kom fram under møte.

Høyringsuttalen sendes Norges Vassdrags og Energidirektorat innan høyringsfristen 20.04.2013.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka. Ingen hadde merknader til forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 26/13 Søknad om dispensasjon til etablering av permanent basestasjon for radiosamband på Skrålletødnane i SVR - Sirdal kommune

Forslag til vedtak

I medhold av § 48 i naturmangfoldloven får Statens naturoppsyn dispensasjon til å etablere en permanent basestasjon for radiosamband på Skrålletødnane i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde.

Dispensasjonen blir gitt med disse vilkårene:

- Det må innhentes løyve til tiltaket fra Sirdal kommune og grunneier.
- Basestasjonen må settes opp slik at den skiller seg minst mulig fra naturomgivelsene.
- Basestasjonen må kunne brukes av annet oppsyn og redningstjenesten.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka. Ingen hadde merknader til forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 27/13 Søknad om dispensasjon til etablering av permanent basestasjon

Forslag til vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Statens Naturoppsyn løyve til å etablere permanent basestasjon for radiosamband ved Austre Kaldfjell i Bykle kommune i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Bykle kommune og grunneigar må gi løyve til tiltaket.
- Basestasjonen må settast opp slik at den skil seg minst muleg frå naturomgjevnadane og i tråd med søknaden.
- Basestasjonen må kunne brukast også av redningstenesta og anna oppsyn.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka. Ingen hadde merknader til forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 28/13 Søknad om dispensasjon til bygging av permanent bru over Leitesåna, Frafjordheiane landskapsvernområde - gnr/bnr 621 og 62/3 i Gjesdal kommune - Stavanger Turistforening v/ Bygg-Kon A/S

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 1 i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde og § 48 i Naturmangfaldlova, får Stavanger turistforening ved Bygg-Kon A/S, løyve til å bygge permanent bru over Leitesåna i Frafjordheiane landskapsvernområde i Gjesdal kommune.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Gjesdal kommune og grunneigar må gi løyve til tiltaket
- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport og oppsetting av brua.
- Brua må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane med omsyn til størrelse, utforming og overflatebehandling.
- Brua må byggjast i et materiale som, eller ha ei overflatebehandling som, ikkje gir refleks i sollys.
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt byggjemateriale, avfall og den gamle hengebrua, må fjernast med ein gong byggjearbeidet er ferdig
- Byggjearbeidet skal være gjennomført innan 1.1.2015

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka. Ingen hadde merknader til forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 29/13 Søknad om dispensasjon til bygging av permanente bruer over Knutsånå og Kvitlå i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 123/3 i Hjelmeland kommune - Stavanger Turistforening v/ Bygg-Kon A/S

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 1 i Forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde og § 48 i Naturmangfaldlova, får Stavanger turistforening ved Bygg-Kon A/S, løyve til å bygge permanente ruer over Knutsånå og Kvitlå i Lusaheia landskapsvernområde i Hjelmeland kommune.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport og oppsetting av brua.
- Brua må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane med omsyn til størrelse, utforming og overflatebehandling.
- Brua må byggjast i et materiale som, eller ha ei overflatebehandling som, ikkje gir refleks i sollys.
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt byggjemateriale, avfall og den gamle hengebrua, må fjernast med ein gong byggjearbeidet er ferdig
- Byggearbeidet skal være gjennomført innan 1.1.2015

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka. Ingen hadde merknader til forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 30/13 Søknad om bygging av ny bru ved Hovatn i Bykle kommune

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka. Ingen hadde merknader til forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 31/13 Søknad om dispensasjon til å erstatte gammel hengebro med permanent bro over Tarjeisåna ved Taumevatn i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde, Stavanger turistforening, Sirdal kommune

Forslag til vedtak

I medhold av § 48 i Naturmangfoldloven, får Stavanger turistforening ved Bygg-Kon A/S dispensasjon til å bygge ei permanent bro over Tarjeisåna øst for Taumevatn i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde, Sirdal kommune.

Løyvet blir gitt med disse vilkårene:

- Det må innhentes byggetillatelse fra både Sirdal kommune og grunneier.
- Det må søkes om egen dispensasjon til nødvendig motorferdsel i forbindelse med transport og installasjon av broa.
- Broa må skille seg minst mulig fra naturomgivelsene med hensyn til størrelse, utforming og overflatebehandling.
- Broa må bygges i et materiale som, eller ha en overflatebehandling som, ikke gir refleks i sollys.
- Byggearbeidet må utføres så skånsomt som mulig med hensyn til naturomgivelsene.
- Alt byggemateriale, avfall og den gamle hengebroa må være fjernet straks byggearbeidet er ferdig.
- Byggearbeidet skal være gjennomført innen 1.1.2015

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka. Ingen hadde merknader til forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 32/13 Statkraft - Søknad om dispensasjon til gjennomføring av erosjonsdempande tiltak ved Prostøl i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 40/1 og 40/2, Suldal kommune

Forvalters innstilling

I medhold av kapittel III og kapittel IV, punkt 1 og 3.1, i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, og §48 i Naturmangfaldslova, får Statkraft løyve til å gjennomføre erosjonsdempande tiltak i elvelaupet ved Prostøl, gnr/bnr 40/1 og 40/2, i Suldal kommune.

Statkraft får og løyve til å gjennomføre inntil 20 helikoptertransportar mellom Kjetilstadlio og Prostøl, for å frakte gravemaskin, minidumper og anna naudsynt materiell til og frå staden.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast løyve frå grunneigar.
- Det må innhentast naudsynt løyve til tiltaket frå Suldal kommune.
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Bruken av anleggsmaskinene må gjennomførast slik at det blir minst mogleg kjørespor på staden.
- Tiltaka må være gjennomført innan 31.12.2016.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka. Ingen hadde merknader til forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 33/13 Søknad om dispensasjon til motorisert ferdsel i SVR landskapsvernområde - Lista jordskifterett - Sirdal kommune

Forvalters innstilling

I medhold § 48 i Lov om forvaltning av naturens mangfold får Lista jordskifterett v/Sølvi Sandsmark løyve til å bruke snøskuter befarig av eiendomsgrensen mellom gnr. 2/bnr. 4 og gnr. 2/bnr. 7.

Transporten skal starte fra Ådneram og gå etter kjøretrasé som er tegnet inn på kart av søker. Løyvet gjelder for en tur med inntil fire snøskutere i april 2013. Transportene må gjennomføres senest 30.4.

Løyvet gjelder og for Geir Hovland og representanter for jordskifteretten

Andre vilkår går frem av standard løyve.

Saken ble behandlet som hastesak over e-post 2.4.2013. Innstillingen ble enstemmig vedtatt.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming

Saka var handsama som hastesak per e-post 2.4.2013. Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 34/13 Eventuelt

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.4.2013

Handsaming i møtet

Ingen saker vart tatt opp.